



Asgeir Mjøs

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/659 - 15/5138

Saksbehandlar:

Anne Dahle Austrheim

anne.dahle.austrheim@radoy.kommune.no

Dato:

06.05.2015

Publiseringsrutinar i Radøy kommune

Viser til Dykkar brev av 29. april 2015 der du har fleire spørsmål angående publisering av dokument på Radøy kommune sine nettsider. Publisering av dokument, og ha desse tilgjengeleg på nett, er ein ekstra service vi gjev innbyggjarane. Det er postlister, oversikt over innkomande og utgåande korrespondanse, som er det lovpålagde kravet.

Dokument som inneheld koblinga gards- og bruksnummer, heimshavar og adresse skal i følgje matrikkelova ikkje publiserast på nett. Det at du i postjournalen finn koblinga namn, adresse og gards- og bruksnummer er ikkje det same sidan det her ikkje går klart fram at det er denne personen som er heimshavar til eigedom. Denne regelen gjeld privatpersonar. For firma gjeld ikkje denne avgrensinga, og her vil du kunne finna publiserte dokument.

Denne regelen i høve publisering vart innført februar 2015 og difor finn du publiserte dokument frå tidlegare.

Du spør om «den lovmessige forskjellen på saker som har offentlege, men ikkje publiserte dokument og saker som har 0 dokument». Dette er det ingen forskjell på. Her er det rett og slett ein feil i systemet som vi må få systemleverandør til å retta opp i. Dokumentet er sakshandsamingssystemet, sjølv om det på postlista ser ut som om det ikkje er der.

Alle har høve til å be om innsyn i dokument som er på postlista, anten det står IP eller 0 dokument. Den løysinga som var tidlegare med at ein på postlista kunne velja å be om innsyn, er det diverre ikkje lagt opp til i dette systemet. No må ein senda ein epost til postmottak@radoy.kommune.no og be om dokumentet. Dette er ikkje eit bevisst val frå Radøy kommune si side, men den publiseringssløysinga ein har no i forhold til postlister legg ikkje opp til det.

Alle innsynsføresurnader skal registrerast. Det vart dei med det gamle systemet også, så arbeidet for sørvistorget var det same då som no sjølv om ein hadde ein «knapp» på postlista for å senda innsynsføresurnad.

Ved overgang til nytt sak/arkivsystem i februar 2014 mista ein diverre tilgangen til dei gamle postlistene på nett. Dette har det vore gjort fleire forsøk på å retta opp i utan at det har lukkast. Difor får ein framleis denne feilmeldinga. Dette beklagar vi, og linken vil verta fjerna. Postlister skal vere tilgjengelege eit halvt år,

og det inneber at postlistene frå før 6. februar 2014 ikkje ville vore tilgjengelege lengre om linken hadde fungert som den skulle.

Vonar at dette var oppklarande svar.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
arkivansvarleg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Asgeir Mjøs